



Notat

Dato: 18.05.2015
Arkivsak: 2015/5147-1
Saksbehandlar: bjomidt

Til: Samferdselsutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Masfjordbrua - statusmelding

Bakgrunn

I samband med fylkestinget si handsaming av budsjettet for 2015 9.desember.2014, sak PS74/14, vart følgjande verbalframlegg vedteke:

«Fylkestinget er positivt til et forsøk med en konseptutlysning for Masfjordbrua, dvs. en anbudsutlysning basert på en ren funksjonsbeskrivelse. Prosjektet vil kunne realiseres under forutsetning av at fylkeskommunal egenandel ikke overskridet ferjeavløsning og momskompensasjon i forbindelse med prosjektet. Fylkestinget ber om en sak vedrørende dette i 1.kv. 2015.»

Fylkesrådmannen gjer her ei kort statusmelding for arbeidet med Masfjordbrua.

Planstatus

Planprogram for områdeplan bru over Masfjorden, til erstatning for kabelferja mellom Duesund og Masfjordnes, vart vedteke av formannskapet i Masfjorden kommune 10.2.2015, sak 022/2015.

Kommunen opplyser at det no vert arbeidd vidare med områdeplanen.

Statens vegvesen sitt arbeid med ei konseptutlysning

Fylkesrådmannen har bedt Statens vegvesen beskriva eit opplegg for å innhenta tilbod på ulike brukkonsept. Statens vegvesen vil i 3. kvartal i år koma med eit notat som seier noko om kva føresetnader som må vera på plass før utlysning, samt vurdera kva svar ein slik konkurranse vil kunna gje/kva ein kan få ut av ein slik konkurranse.

Statens vegvesen vil i notatet vurdera kostnadane og dei juridiske sidene med å gjennomføra ein slik konkurranse. Statens vegvesen vil vidare vurdera/oppdatera kostnadsberekingane for dei tre alternativa (2 flytebru alternativ og 1 hengebrualternativ) som er tekne med i planprogrammet for den aktuelle områdeplanen for Masfjordbrua.

Eventuell finansiering

Aktuelle finansieringskjelder for Masfjordbrua kan vera ferjeavløysingsmidlar, kommunale tilskott og eventuelt bompengar:

- I Prop 121 S Kommuneproposisjonen 2016 fra 12.5 2015 legg regjeringa opp til ei ordning med ferjeavløysing på fylkesvegar tilsvarende ordninga for riksvegar. Per i dag er det slik at når ei ferje vert erstatta med ei bru, vert kriteriedata i inntektssystemet endra til eit mindre ferjesamband, noko som inneber reduserte overføringer til fylkeskommunen. I tillegg vert fylkeskommunen kompensert for utgiftsauke for drift og vedlikehald av den nye brua. Forslaget til ny ferjeavløysingsordning inneber at fylkeskommunen ikkje taper i inntektssystemet når det vert bygd bru, men at desse midlane kan inngå som bidrag i finansieringa. Det er foreslått at det skal leggjast til grunn ein periode på inntil 30 år for ferjeavløysingsordninga. Vidare står det i proposisjonen at Samferdselsdepartementet vil administrera ferjeavløsningsordninga og vurdera kva prosjekt som skal inkluderast. Kommunalkomiteen skal koma med innstillinga si innan 9.juni.
- Masfjorden kommune går inn med midlar for å finansiera bruа.
- Bompengpotensialet i området er ikkje stort. ÅDT på kabelferja i 2014 var 170. Sivilingeniør Helge Hopen har for nokre år sidan rekna på bompengepotensialet i området. I desse utrekningane vart det føresett noko nyskapt lokaltrafikk, overført trafikk frå Leirvåg – Sløvåg ferja og overført trafikk frå E39. Trafikkgrunnlaget for Masfjordbrua (2010-nivå) vart då rekna til omlag 600 ÅDT med bompengar på bruа, noko som i bompengesamanheng er heller lågt og må eventuelt vurderast opp mot innkrevingskostnadane.

Fylkesrådmannen tek sikte på å koma tilbake med ei sak om Masfjordbrua hausten 2015.